




## Hallingdal og Valdres får besøk av Tobias Thorleifsson 27. og 28.oktober

Klimaløftet tilbyr ungdomsskolar og vidaregåande skoler eit foredrag med Tobias Thorleifsson. Han deltok i den internasjonale Ellesmereekspedisjonen i vår. Med hundespenn tilbakela ekspedisjonen 2200 km gjennom til dels svært vanskelege isforhold i polarhelten Otto Sverdrups fotspor.

Erfaringane frå ekspedisjonen og opplevingar og kunnskap om klima og endring, blir formidla i ord, bilder og film gjennom foredraget Klima på vippepunktet.

Les meir her: <http://www.klimalofтет.no>

Hallingdal og Valdres har starta opp eit arbeid med ein felles energi- og klimaplan for dei to dalføra. På mange måtar nybrottsarbeid der 12 kommunar på tvers av fylkesgrenser samarbeidar om denne type planar. I samband med arbeidet er eit av dei tiltaka å etablere Hallingdal og Valdres som "forbilet-region" for barn og unge, ved m.a å involvere skuleverk og barn/unge i energi-/miljøarbeid. Me ser at Klimaløftet sin foredragsturane passar svært godt inn i vårt opplegg.



## FOREDRAGSTURNE HALLINGDAL OG VALDRES

TID	SKULE	TAL ELEVAR	STAD
<b>Måndag 27.10</b> 09:45	Gol ungdomsskule Gol vidaregåande skule Rep. Hemsedal ungdomsskule	160	Gol vgs
11:30	Nes ungdomsskule Flå ungdomsskule	160	Kulturhuset Banken
13:40	Ål ungdomsskule + nokre frå Ål vidaregåande skule	200—250	Ål kulturhus
<b>Tysdag 28.10</b> 08:00	Valdres vidaregåande skule	138	Valdres vgs.
09:30	Valdres vidaregåande skule	131	Valdres vgs.
13:00	Sør Aurdal ungdomsskole		Bagn

